



FUSA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Arkivsak: 12/144-1

Løpenummer: 13/832

Utval: Utval for plan og miljø

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 21.02.2013

Tid: Kl. 16:00

Forfall eller inhabilitet:

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til postkasse@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00.

Administrasjonen kallar inn varamedlem.

Varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Dokumenta ligg til offentleg ettersyn på heimasida www.fusa.kommune.no og på biblioteket, Kommunetunet, Eikelandsosen.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/13	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 22.11.2012
002/13	DELEGERTE SAKER
003/13	INFORMASJONSNOTAT/ ORIENTERING
004/13	TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL)
005/13	REGULERINGSENDRING - REGULERINGSPLAN FOR LEIRVIKJO, ENGJAVIK. DEL AV GNR 99 BNR 44 M. FL.
006/13	KOMMUNEPLANENS AREALDEL - RULLERING
007/13	GBNR. 30/1, GJERDEVIK NEDRE: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR NAUST. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.
008/13	GBNR. 85/93, ÅKRE: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN. KLAGESAK. NY HANDSAMING ETTER HØYRINGSRUNDE.
009/13	GBNR. 124/63, SUNDFJORD: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR FRITIDSBUSTAD. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.
010/13	GBNR. 38/8, STORLI: SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ

KOMMUNEPLANEN FOR Å BYGGJA BUSTADHUS. KLAGE PÅ
DELEGERT VEDTAK I SAK DS 147/12. NY HANDSAMING ETTER
HØYRINGSRUNDE.

011/13

SKRIV OG MELDINGER

Eikelandsosen, 12.02.2013

Anne Martinsen
Leiar

Inge Kaldestad
Ansvarleg sekretær

Sakshandsamar: Heidi Bergesen

Arkivsaknr: 12/182

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
001/13	Utval for plan og miljø	21.02.2013	HCB

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 22.11.2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møtebok frå møtet 22.11.2012 vert godkjend.

Saksframstilling:

Saksdokument:

Ikkje vedlegg : Møteprotokoll frå møtet 22.11.2012

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
002/13	Utval for plan og miljø	21.02.2013	HCB

DELEGERTE SAKER

Saksframstilling:

DUPM JBE

001/13:

SØKNAD OM STØNAD TIL INNGJERDING AV SILOBALLAR MOT HJORT**Vedtak:**

Fusa kommune løyver kr 1945 frå det kommunale viltfondet til Bjarte Samnøy for å dekke utgifter til innkjøp av gjerde til inngjerding av rundballar.

Vedtaket har heimel i forskrift om kommunale viltfond § 5 og den kommunale strategien for forvaltning av hjort i Fusa, Os og Samnanger.

DUPM KKO

002/13:

GBNR. 22/126, EIKELAND NEDRE: SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - OPPSETJING AV LYSSKILT PÅ FASADE SPARBUTIKK. GODKJENNING.**Vedtak:**

Fusa kommune godkjenner søknad om oppsetjing av lysskilt/ reklameskilt på fasade ved Sparbutikk, på fylgjande vilkår:

1. Skilt skal setjast opp i medhald til gjeldande lover og føresegner.
2. Lysskilta skal vera samstemde med fasaden på bygget.
3. Ansvarleg utførande skal meldast og godkjennast før oppsetjing av skilt tek til.

Vedtaket er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**
003/13:

GBNR. 14/3, HOLMEFJORD SØNDRE: SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BYGGING AV REINSEANLEGG FOR VASSVERK. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev byggeløyve for bygg og reinseanlegg for vassverk på gbnr. 14/3, Holmefjord søndre, på fylgjande vilkår:

1. Arbeid skal utførast i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Ansvarleg utførande skal meldast og godkjennast før arbeidet tek til.
3. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når bygning med reinseanlegg står ferdig. Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest når bygget står ferdig.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**
004/13:

GBNR. 78/5, VINNES: SØKNAD OM FRÅDELING AV AREAL I SAMSVAR MED GODKJENT REGULERINGSPLAN FOR PROSJEKT VINNESTUNET. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev løyve til å dela ifrå gbnr. 78/5, Vinnes, eit areal på ca 20,5 dekar, på fylgjande vilkår:

1. Frådelling skal vera i samsvar med gjeldande lover og føresegne, samt godkjent reguleringsplan for området.
2. Avlaup skal gå til fellesprivat leidningsanlegg.

Vedtak er gjort med heimel i reguleringsplan Vinnestunet, jfr. § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**
005/13:

GBNR. 78/5, VINNES: SØKNAD OM RAMMELØYVE BYGGING AV 12 BUSTADEININGAR, GARASJER, VEGAR OG ANLEGG. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev rammeløyve for bygging av 12 bustadeiningar, garsje og veg- og anlegg på gbnr. 78/5, Vinnes, på fylgjande vilkår:

1. Det skal søkjast om igongsetjingsløyve før arbeid vert sett i gong.
2. Avlaup skal gå til felles privat leidningsnett.
3. Eventuelle jordressursar må gjerast greie for seinast ved søknad om igongsetjingsløyve, jfr. føresegner til reguleringsplan.
4. Detaljplan for vatn, overvatn og spillvatn skal sendast inn, jfr. føresegnene til

reguleringsplan.

Vedtak er gjort med heimel i godkjent reguleringsplan med tilhøyrande føresegner for Vinnestunet, jfr. § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM JKÅ
006/13:

**SØKNAD OM KONSESJON PÅ NAUSTETOMT GBNR 9/66,
HOLSUND.**

Vedtak:

Fusa kommune gjev konsesjon til Roger Næss for å kjøpe nausttomta gbnr. 9/66

Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1.

DUPM JKÅ
007/13:

SØKNAD OM KONSESJON PÅ NAUSTTOMT GBNR. 84/156, TOFT

Vedtak:

Fusa kommune gjev konsesjon til Rune Tveit, Cato Tveit og Merete Tveit for å kjøpe nausttomta gbnr. 84/156.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1.

DUPM KKO
008/13:

**GBNR. 96/ 9,52, 53, HATLETVEIT: SØKNAD OM LØYVE TIL
TILTAK - BYGGING AV NYTT REINSEANLEGG. GODKJENNING.**

Vedtak:

Fusa kommune gjev byggeløyve for bygning for reinseanlegg på gbnr. 96/9,52, 53, m.fl, Hatletveit, på fylgjande vilkår:

1. Bygging skal skje i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Ansvarleg utførande skal meldast og godkjennast før arbeidet tek til.
3. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når reinseanlegget står ferdig til bruk.

Vedtak er gjort med heimel i 20-2 i plan- og bygningslova.

DUPM OHA
009/13:

**SØKNAD OM FRITAK FOR KOMMUNALE AVGIFTER, KÅRHUS
PÅ GNR 84 BNR 4**

Vedtak:

Det vert ikkje gjeve fritak for gebyr for avlaup og for feiing og tilsyn for kårhus på gnr 84 bnr 4. Heimlar er høvesvis kommunal forskrift om VA-gebyr og ”forskrift om forebyggende tiltak og tilsyn”, §7-3.

DUPM **KKO**

010/13:

GBNR. 85/116, ÅKRE: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR FRITIDSBUSTAD. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev byggeløyve for fritidsbustad på gbnr. 85/116, Åkre, på fylgjande vilkår:

1. Fritidsbustaden skal setjast opp i medhald til gjeldande lover og føresegner.
2. Avlaup skal gå til offentleg leidningsnett.
3. Ansvarleg utførande for røyrleggjararbeid skal meldast og godkjennast før arbeidet tek til.
4. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når fritidsbustaden står ferdig. Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest/ mellombels bruksløyve før fritidsbustaden vert teken i bruk.

Bjarne H. Tønder, Birkelundsbakken 74, 5231 Paradis og Inge Garlid, Steinsvikveien 45, 5353 Straume, får lokal godkjenning for grunnmur-/ betongarbeid og tømrrarbeid i samsvar med søknad. Endringar i ansvarsforhold skal meldast Fusa kommune.

Vedtak er gjort med heimel i §§ 20-1 og 22-3 i plan- og bygningslova og godkjent reguleringsplan med føresegner for dette feltet.

DUPM **KKO**

011/13:

GBNR. 20/55, LUNDERVIK: SØKNAD OM RIVINGSLØYVE FOR BUSTADHUS. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev rivingsløyve for bustadhus på gbnr. 20/55, Lundervik, på fylgjande vilkår:

1. Riving skal skje i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Rivingsavfall skal leverast godkjent deponi (vindauge, elektrisk avfall, etc.). Kvittring for levert avfall skal kunna førevisast.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**

012/13:

GBNR. 19/1, HELLAND: SØKNAD OM TILTAK - UTVIDING AV TERRASSE, FASADEENDRING OG UTSKIFTING AV PIPER. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune godkjenner søknad om utviding av terrasse, fasadeendring og utskifting av piper på gbnr. 19/1, Helland, på fylgjande vilkår:

1. Arbeid skal utførast i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Rivingsavfall skal leverast godkjent deponi.

Gunnar Rosvoll, Nymarksvegen 2, 5642 Holmefjord, vert godkjent for oppføring av nye piper. Det vert vist til innlevert Leca Sjølvbyggarsertifikat på gjennomført opplæring.

Vedtak er gjort med heimel i §§ 20-1 og 20-2 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**
013/13:

GBNR. 9/66, GAUGSTAD: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR NAUST. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev byggeløyve for naust på gbnr. 9/66, Gaugstad, på fylgjande vilkår:

1. Naustet skal førast opp i medhald til gjeldande lover og føresegner.
2. Naustet skal byggjast etter teikning datert 21.01.13. Mønehøgde vist på teikning skal ikkje fråvikast. Dette gjeld også i høve til høgde på grunnmur, som er inkludert i denne høgda.
3. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når naustet står ferdig. Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest før naustet vert teke i bruk.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**
014/13:

GBNR. 9/67, GAUGSTAD: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR NAUST. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev byggeløyve for naust på gbnr. 9/67, Gaugstad, på fylgjande vilkår:

4. Naustet skal førast opp i medhald til gjeldande lover og føresegner.
5. Naustet skal byggjast etter teikning datert 21.01.13. Mønehøgde vist på teikning skal ikkje fråvikast. Dette gjeld også i høve til høgde på grunnmur, som er inkludert i denne høgda.
6. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når naustet står ferdig. Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest før naustet vert teke i bruk.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**
015/13:

GBNR. 102/12, SELSVOLD: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR GARASJE. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev byggeløyve for garasje på gbnr. 102/12, Selsvold, på fylgjande vilkår:

1. Garasjen skal setjast opp i medhald til gjeldande lover og føresegner.
2. Garasje skal brannsikrast mot bustadhus og naboeigedom, slik dette går fram av innsendt dokumentasjon eller betre.
3. Fusa kommune skal ha medling når bygging tek til og når garasjen står ferdig.
Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest før garasjen vert teken i bruk.

Fusa kommune gjev dispensasjon frå krav om avstand til nabogrense for oppsetjing av garasje på gbnr. 102/12.

Jon-Ivar Revne, 5647 Baldersheim, får lokal godkjenning for ansvarsrett for oppføring av garasje. Søkjar forpliktar seg med denne søknaden å ha kjennskap til lover og føresegner og byggja garasjen etter dette.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 20-1, 22-3 og 29-4 i plan- og bygningslova.

DUPM **SAL**

016/13:

FRITAK FRÅ KRAV TIL GJØDSLINGSPLAN**Vedtaket:**

Bjørnefjorden Landbrukskontor gjev Jan Solvang dispensasjon frå krav om å ha gjødslingsplan.

Vedtaket gjeld inntil 31.12.2018 under føresetnad at driftsopplegget ikkje vert endra i denne perioden. Eventuell auke i dyretal eller reduksjon i arealgrunnlaget kan medføre at fritaket fell bort. Søkjaren må i god tid informera landbrukskontoret om planlagde endringar av drifta.

Vedtaket har heimel i forskrift om gjødslingsplanlegging § 5.

DUPM **SAL**

017/13:

FRITAK FRÅ KRAV TIL GJØDSLINGSPLAN**Vedtaket:**

Bjørnefjorden Landbrukskontor gjev Åsmund Nordtveit dispensasjon frå krav om å ha gjødslingsplan.

Vedtaket gjeld inntil 31.12.2018 under føresetnad at driftsopplegget ikkje vert endra i denne perioden. Eventuell auke i dyretal eller reduksjon i arealgrunnlaget kan medføre at fritaket fell bort. Søkjaren må i god tid informera landbrukskontoret om planlagde endringar av drifta.

Vedtaket har heimel i forskrift om gjødslingsplanlegging § 5.

DUPM **SAL**

018/13:

FRITAK FRÅ KRAV TIL GJØDSLINGSPLAN

Vedtak:

Bjørnefjorden Landbrukskontor gjev Steinar Øpstad dispensasjon frå krav om å ha gjødslingsplan.

Vedtaket gjeld inntil 31.12.2018 under føresetnad at driftsopplegget ikkje vert endra i denne perioden. Eventuell auke i dyretal eller reduksjon i arealgrunnlaget kan medføra at fritaket fell bort. Søkjaren må i god tid informera landbrukskontoret om planlagde endringar av drifta.

Vedtaket har heimel i forskrift om gjødslingsplanlegging § 5.

DUPM **KKO**

019/13:

GBNR. 94/1 OG 94/3, SÆVAREID: SØKNAD OM FRÅDELING AV FESTETOMT TIL KRAFTSTASJON. GRÅKLUBBEN KRAFTVERK AS. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev løyve til å dela ifrå gbnr. 94/1 og 94/3, Sævareid, ein festetomt til kraftstasjon for Gråklubben kraftverk AS.

Det vert vist til godkjent dispensasjon frå plan- og bygningslova og arealdel til kommuneplan i samband med byggeløyve for kraftverket, for grunngeving til frådelinga.

Vedtaket er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM **JBE**

191/12:

ULOVLEG FELLING AV HJORT

Vedtak:

Fusa kommune vedtek at vald 55 Rognestveit skal betale kr 5000 for ulovleg felt hjort, ein eldre bukk, den 23.09.2012. Dei hadde løyve til å skyta ein kalv, ei kolle og ein spissbukk.

Vedtaket har heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28.

DUPM **TBH**

192/12:

TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET: SØKNAD OM UTSETT ARBEIDSFRIST

Vedtak:

Landbrukskontoret for Fusa, Os, Samnanger og Tysnes gjev André Bjørndal utsett frist for slutføring av prosjekt som det er løyvd tilskot til, jamfør saknr 125/09.

Ny arbeidsfrist vert sett til 31.12.2013.

DUPM **KKO**
193/12:

GBNR. 19/112, HELLAND: SØKNAD OM RAMMELØYVE FOR BYGGING AV BUSTADHUS. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev rammeløyve for bygging av bustadhus på gbnr. 19/112, Helland, på fylgjande vilkår:

1. Det skal sendast inn igongsetjings søknad før arbeid på eigedomen tek til.
2. Avlaup skal gå til offentleg leidningsnett.

Vedtak er gjort med heimel i §§ 20-1 og 21-2 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**
194/12:

GBNR. 85/59, ÅKRE: SØKNAD OM OPPSETJING AV MUR I NABOGRENSA. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune tek ikkje klager frå nabo til fylgje og godkjenner oppsetjing av mur på gbnr. 85/59, Åkre, slik dette går fram av søknad og på grensa mot gbnr. 85/71.

Fusa kommune kan ikkje sjå at oppsett mur er årsaka til at det renn meir vatn frå gbnr. 85/59 og ned på gbnr. 85/71.

Kvar av partane må ordna opp i vass-sig og grøfter på sin eigedom.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**
195/12:

GBNR. 89/76, LEGLAND: SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - UTLEGGING AV BØLGEBRYTAR. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev løyve til å leggja ut bølgedempar for Strandvik båthavn på gbnr. 89/76, Legland, på fylgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Marinegruppen AS må søkja om ansvarsrett for sin del av arbeidet med bølgedempar.
3. Forankring av bølgedemparen må ikkje vera til hinder for vedlikahald av kommunen sin kloakkutsleppsleidning i dette området.
4. Bølgedempar med forankringar må ikkje vera til hinder for tilflot av båtar.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova og § 27 i havne- og farvannslova.

DUPM **KKO**
196/12:

**GBNR. 31/39, FUSA PRESTEGÅRD: SØKNAD OM BYGGELØYVE
TILBYGG TIL BUSTADHUS. GODKJENNING.**

Vedtak:

Fusa kommune gjev byggeløyve for tilbygg til bustadhus med carport og terrasse på gbnr. 31/39, Fusa prestegård, på fylgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når tilbygg med carport står ferdig.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**
197/12:

**GBNR. 117/55, HJARTNES: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR
NAUST. NY VURDERING AV SØKNAD ETTER KLAGE.
GODKJENNING.**

Vedtak:

Fusa kommune tek klage til fylgje og gjev byggeløyve for tre naust i rekke på gbnr. 117/55, Hjartnes, på fylgjande vilkår:

1. Nausta skal førast opp i medhald til gjeldande lover og føresegner.
2. Det skal ikkje byggjast veg fram til nausta. Arbeidet med naust må heller ikkje medføra skade på natur og terreng i LNF-området.
3. Før vidare utbygging av naust må det lagast reguleringsplan, eller at naustområdet vert endra ved rulleringa av arealdel til kommuneplan.
4. Fusa kommune skal ha melding når arbeidet tek til og når nausta står klare til bruk. Ansvarleg søkjar skal innhenta ferdigattest før nausta vert tekne i bruk.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova, jfr. arealdel til kommuneplan.

DUPM **KKO**
198/12:

**GBNR. 40/67, SKJØRSAND: SØKNAD OM BRUKSENDRING.
OPPRETTING AV FEIL I MATRIKKELEN - ENDRING FRÅ NAUST
TIL HYTTENAUST. GODKJENNING.**

Vedtak:

Fusa kommune godkjenner bruksendring frå naust til hyttenaust/ fritidsføremål på gbnr. 40/67, Skjørsand, og oppretting av matrikkel til dette. Søknaden er godkjent på grunnlag av mangeårig bruk til dette føremålet og fordi det offentlege har krevd inn kommunale avgifter for eigedomen. Det kan ikkje påreknast vidare utbygging, m.m.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

DUPM **KKO**
199/12:

GBNR. 78/247, VINNES: SØKNAD OM IGONGSETJINGSLØYVE FOR VENTILASJON, BRANNALARMANLEGG OG SANITÆR. GODKJENNING.

Vedtak:

Fusa kommune gjev igongsetjingsløyve for ventilasjon, naudlys/ brannalarmanlegg og sanitærinstallasjonar for ny barnehage på gbnr. 78/247, Vinnes, på fylgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest/ mellombels bruksløyve før barnehagen vert teken i bruk.

Vedtaket er gjort med heimel i § 95 a i plan- og bygningslova (1985).

DUPM **JKÅ**
200/12:

SØKNAD OM KONSESJON PÅ NAUSTETOMT GBNR. 8/23

Vedtak:

Fusa kommune gjev konsesjon til Håvard Oen for å kjøpe nausttomta gbnr. 8/23

Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1.

DUPM **KKO**
201/12:

SØKNAD OM IDRETTSFUNKSJONELL GODKJENNING FOR UTBETRING AV RULLESKIBANE. HÅLANDSDALEN IDRETTSKAMPBANE.

Vedtak:

Fusa kommune gjev teknisk godkjenning for utbetring av rulleskiløype på Holdhus, slik dette går fram av søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i reglar og retningslinjer fastsett av Kulturdepartementet.

DUPM **TBH**
202/12:

TILSKOT TIL SPESIELLE MILIJØTILTAK I JORDBRUKET-SMIL. 2009 - RYDDING AV BEITE

Vedtak:

Fusa kommune gjev Solveig Lovise Håland utvida frist for slutføring av prosjekt som det er løyvd tilskot til, jamfør saknr 105/09.

Ny arbeidsfrist vert sett til 14.10.2014.

DUPM JKÅ
203/12:

**SØKNAD OM KOMMUNALT TILSKOT TIL NORSK
LANDBRUKSRÅDGIVING HORDALAND FOR 2013**

Vedtak:

Landbrukskontoret for Fusa, Os og Samanger løyver ikkje tilskot til Norsk Landbruksrådgiving, Hordaland for 2013.

DUPM KKO
204/12:

**GBNR. 85/84, 131, ÅKRE: SØKNAD OM IGONGSETJINGSLØYVE
FOR GRUNN- OG BETONG, TØMRARARBEID OG RØYRLEGGJAR
FOR BYGGING AV STRANDVIK NYE BARNEHAGE.
GODKJENNING.**

Vedtak:

Fusa kommune gjev igongsetjingsløyve for grunn- og betong, røyrleggjar og tømrararbeid for bygging av Strandvik nye barnehage på gbnr. 85/ 84, 131, Åkre, på fylgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Søknad om ansvarsrett for grunn- og betongarbeid og røyrleggjar skal sendast inn.
3. Avlaup skal gå til offentleg leidningsnett.
4. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når barnehagen står ferdig. Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest før barnehagen vert teken i bruk.

Endring av ansvarleg søkjar for prosjektering til å verta Leigland Bygg AS, 5643 Strandvik, vert godkjent.

Vedtak er gjort med heimel i §§ 20-1, 21-2 og 23-5 i plan- og bygningslova.

DUPM KKO
205/12:

**GBNR. 13/6, 13/10, 13/33, HOLMEFJORD NORDRE: SØKNAD OM
FRÅDELING - GRENSEJUSTERING MELLOM GBNR. 13/6, 13/10 OG
GBNR 13/33. GODKJENNING.**

Vedtak:

Fusa kommune godkjenner omsøkte frådeling/ grensejustering mellom gbnr. 13/6, 13/10 og 13/33, slik dette går fram av søknad.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		GHA
003/13	Utval for plan og miljø	21.02.2013	GHA

Sakshandsamer: Gunnar Hatlelid

Arkivsaknr 13/183

INFORMASJONSNOTAT/ ORIENTERING

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saksframstilling:



Fusa Kommune



Årsplan for førebyggjande brannverntiltak 2013

Med heimel I forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn § 5-2

Feiing/Tilsyn i bustad:

- 01.01.13 – 30.04.2013 Tilsyn i bustad
- 01.05.13 – 30.07.2013 Feiing av bustad
- 01.07.13 – 15.08.2013 Ferie
- 15.08.13 – 31.10.2013 Feiing av bustad
- 01.11.13 – 31.12.2013 Tilsyn i bustad

Brannvern/førebyggjande:

- Veke 1-52 Tilsyn § 13 bygg
Øvingar etter øvingsplan 2013
Kurs Varme arbeid
- Veke 20 – 23 6.kl undervisning alle skular
Brannvernundervisning Kommuneetnet
- Veke 25 Brannvernundervisning Omsorgbustader
- Veke 36 13 mann grunnkurs Norges Brannskule
- Veke37- 48 Brannvernundervisning Omsorgbustader
Brannvernveka
Open brannstasjon
Besøk til skular/barnehagar
Kurs Varme arbeid
SFO- Brannstasjonsbesøk
- Veke 49 Aksjon Bustadbrann 2013

Eikelandsosen 10.01.2013

Gunnar Hatlelid
Brannsjef

**TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL)
NY LOKAL STRATEGI FOR TILDELING AV TILSKOT: 2013-2016****RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Fusa kommune sender framlegg til ny lokal strategi for tildeling av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (2013-2016), på høyring til Fusa Bondelag, Fusa Bonde- og småbrukarlag, kulturkontoret og Fylkesmannen ved landbruksavdelinga.

Høringsfrist vert sett til 15.3.2013

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Utval for plan og miljø

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.02.2013	Lokal strategi for tildeling av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 2013-2016.pdf	55769

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

I 2004 vart det innført ei ny tilskotsordning under landbrukets utviklingsfond (LUF), kalla tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – SMIL. Saman med den nye ordninga vart det vedteke ei ny forskrift kalla *forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket* (FOR-2004-02-04-448). Kvart fylke vert årleg tildelt ei samla økonomisk ramme. For Hordaland har den samla ramma vore kring 6,5 millionar kroner dei siste åra. Fylkesmannen fordeler midlane til kommunane. Tilskot vert løyvd etter søknadar, og utbetaling skjer etter at tiltaket det vert gjeve tilskot til er gjennomført.

Kommunane er sett til å forvalte ordninga, og har avgjerdsmynde i saker som ordninga femnar om. Paragraf 1 i forskrifta definerar kva som er føremålet med tilskotsordninga:

”Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier”

I paragrafen vert det lagd til grunn at kommunane skal utarbeide eigne lokale strategiar som skal leggja føringar for forvaltninga av tilskotsordninga, og § 8 utdjupar dette:

”kommunen skal fastsette overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonene i jordbruket lokalt”

Felles landbrukskontor for Fusa, Os og Samnanger kommunar, har sidan 2004 forvalta tilskotsordninga for dei tre kommunane. Det har difor vore ein felles strategi, vedteken av alle dei aktuelle kommune, som har lagd til grunn for forvaltninga av tilskotsordninga. Den førre strategien vart vedteken i 2010, og har vore gjeldande fram til og med 2012.

Tysnes kommune er frå 1.1.2013 ein del av den felles landbruksforvaltninga saman med Fusa, Os og Samnanger kommunar. Tysnes kommune har til no hatt ein eigen lokal strategi.

I samband med oppstart av utarbeidinga av ein ny felles lokal startegi for kommunane Fusa, Os, Samnanger og Tysnes, vart den gamle strategien sendt ut på høyring i fire veker (høyringsfrist 15.10.2012) til næringsorganisasjonane for landbruket og kulturkontora i dei fire kommunane. Fusa Bondelag og Tysnes Bonde- og småbrukarlag hadde merknadar i saka.

Fusa Bondelag tykte strategien jamt over var god, men hadde ein merknad om at tilskotssatsane for somme tiltak er for låge. Tysnes Bonde- og småbrukarlag var òg jamt over fornøydd med strategien, men sakna ei betre tydeleggjering av viktigheita av beite- og utsiktsrydding.

I etterkant av høyringsrunden vart det halde eit møte den 7.11.2012. Dei innbedne var dei same som hadde fått strategien på høyring. På møtet stilte representantar frå Fusa Bondelag, Tysnes bonde- og småbrukarlag og ein representant frå Samnanger kommune. Hensikta med både høyringsrunden og møtet var at næringsorganisasjonane og kulturkontora skulle få høve til å medverka i samband med utforminga av innhaldet i den nye strategien.

Bjørnefjorden landbrukskontor har no laga ein ny strategi for tildeling av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket som er felles for Fusa, Os, Samnanger og Tysnes kommunar. Den nye strategien gjeld for perioden frå 2013 til og med 2015 (2013-2016) og skal vedtakst politisk i alle dei aktuelle kommunane.

Vurdering:

Sidan den førre lokale strategien var verksam for perioden 2010-2012, lyt det no vedtakast ein ny lokal stretegi. Det er ynskjeleg at innhaldet i den lokale strategien er harmonisert med det til ei kvar tid gjeldande *regionale miljøprogrammet* (RMP) for fylket. Det regionale miljøprogrammet vert rullert kvart tredje år, og det siste regionale miljøprogrammet gjeld for perioden 2013-2016. Landbrukskontoret meiner difor at det er naturleg at den lokale strategien for tildeling av tilskot vert gjeldande for perioden 2013-2016.

Sidan Tysnes kommune no er vorten ein del av samarbeidet om eit felles landbrukskontor (Bjørnefjorden landbrukskontor) saman med kommunane Fusa, Os og Samnanger, er det naturleg at den nye lokale strategien vert gjeldande for alle dei fire kommunane.

I den nye lokale strategien som no ligg føre er det gjort nokre endringar jamført med den førre strategien. Den nye strategien er delt opp i to hovudbolkar. Det første bolken omhandlar ordninga i generelle trekk, og set søkelys på jordbruket i regionen vår og kva for utfordringar jordbruket har andsynes miljø og kulturlandskap. Den andre bolken inneheld ein konkret strategi som listar opp ulike tiltak som har høg prioritet i samband med tildeling av tilskot. Den gjev og føringar for korleis det skal prioriterast mellom ulike søknadar i tilfelle der det er knapt med midlar til fordeling. For somme typar tiltak vert det nytta faste satsar til utmåling av tilskot, og desse er lista opp i den andre delen av strategien.

I den nye strategien er det gjort nokre endringar i faste satsar for somme tiltak jamført med den førre strategien. Alle satsane som er endra, er justerte opp for å vera harmonisert med endringar i løns- og kostnadsnivået generelt i samfunnet. Dette er i tråd med merknadar frå Fusa Bondelag.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
005/13	Utval for plan og miljø	21.02.2013	IKA

Sakshandsamer: Inge Kaldestad

Arkivsaknr 11/1510

**REGULERINGSENDRING - REGULERINGSPLAN FOR LEIRVIKJO,
ENGJAVIK. DEL AV GNR 99 BNR 44 M. FL.
GODKJENNING AV PLAN**

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Reguleringsendring – reguleringsplan for Leirvikjo, Engjavik, del av gnr 99 bnr. 44 m. fl, reguleringsplan sist revidert 16.10.2012 med tilhørende planskildring, samt føresegner sist revidert 29.01.2013 vert godkjent.

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.02.2013	REGULERINGSPLAN REV. 3	55666
03.02.2013	REGULERINGSFØRESEGNER, REVIDERT 29.01.2013.PDF	55674
03.02.2013	SKILDRING MED ROS-ANALYSE	55675
03.02.2013	STATENS VEGVESEN, REGION VEST, MERKNAD	55676
03.02.2013	HORDALAND FYLKESKOMMUNE, REGIONALAVDELINGA, MERKNAD	55671
03.02.2013	ØYSTEIN ENGEVIK, MERKNAD	55677
03.02.2013	KJERSTI OG TOM MEIDELL, MERKNAD	55672
03.02.2013	FRANTZ GERT MEIDELL, MERKNAD	55667
03.02.2013	FYLKESMANNEN I HORDALAND, DATERT 15082012, MOTSEGN	55668
03.02.2013	FYLKESMANNEN I HORDALAND, DATERT 24092012, OPPRETTHELD MOTSEGN	55669
03.02.2013	FYLKESMANNEN I HORDALAND, DATERT 29102012, TREKKJER MOTSEGN	55670
03.02.2013	LARS EINAR MEIDELL, KORT RESYMÈ	55673

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

I sak UPM 018/12 gjorde utvalet vedtak om å senda endring av reguleringsplan for "Leirvikjo, del av gnr 99 bnr 44 m. fl." på høyring og offentleg ettersyn. Planframlegget låg ute til ettersyn i tida 25.05.2012 – 13.07.2012. Det kom inn fleire merknader.

Statens vegvesen, Region vest ber om at det i frisisiktsoner skal vera fri sikt i ei høgd av 0,5 m over tilstøytande vegar sitt plan, dei har elles ingen merknader.

Kommentar:

I retta føresegner datert 29.01.13 er dette teke med i pkt 6.

Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga skriv at dei har gjeve innspel til oppstartmeldinga, og at dei i denne fråsegna vurderer forslaget i hovudsak ut i frå deira ansvarsområde og interesser knytt til regionale planar. Dei er samd i Fusa kommune si vurdering at planendringar for å få planen til å passa med nye inngrep i terrenget, er svært uheldig. Dei ventar at det ikkje vert gjort inngrep som er i strid med denne planen. I føresegnene går det fram at naust berre skal nyttast til naust, og at dette betyr oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna. Dei har ikkje kjennskap til automatisk freda, eller andre verneverdige kulturminne, men minner om aksemdplikta til tiltakshavar. Som konklusjon er dei samd i Fusa kommune si vurdering at det er uheldig å planleggja etter at inngrepa er gjort.

Kommentar:

Vert teke til etterretning.

Øystein Engevik, 5200 Os skriv at han er eigar av vegen frå Hedlovegen og fram til avkøyring inn til Leirvikjo, og at det er frådelt fleire bnr som ikkje har vegrett. Han ønskjer derfor at det vert teke med eit punkt i føresegnene om at "*Privatsrettslege forhold angående vegrett må avklares med eier før tiltaket godkjennes*".

Kommentar:

Dette er tiltak som høyrer under byggesak.

Kjersti og Tom Meidell, 5042 Bergen er eigar av gbnr 99/43, tomt nr 1 innanfor planområdet. Dei har sendt inn søknad om byggeløyve for bustadhus som på grunn av storleik må ha dispensasjon frå planen med omsyn til både plassering og utnytting. Både dei og arkitekten deira har ein klar oppfatning av at omsøkte plassering ivaretek omgjevnaane på ein betre måte enn det som går fram av planen. Dei ønskjer ny plassering på tomte og auka BYA til 25 %.

Kommentar:

Slike endringar i planframlegget må koma som innspel før planen vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Alternativt kan dette i ettertid godkjennast gjennom ein dispensasjon, men ein ønskjer ikkje ny høyring og offentleg ettersyn no.

Frantz Gert Meidell, 5226 Nesttun, han skriv m.a: Han ønskjer å protestera på det kraftigaste på alt som har skjedd i samband med forslag til ny reguleringsplan for Leirvikjo, forslaget er eit "*bestillingsverk*" frå utbyggjarane. Eksisterande plan frå 2008 vart laga då området Leirvikjo skulle skiljast ut, og ingen av naboar eller utbyggjarar protesterte på denne planen då dei følte at den ivaretok heile området sine interesser. Utbyggjarane har teke seg til

rette under prinsippet ”*det er lettare å få tilgivelse enn tillatelse*”. Det mest alarmerande er at Fusa kommune ikkje har teke tak i saka, men prøver no å få gjennom ny reguleringsplan tilpassa dei grove lovbrota som allereie er utført. Det er lista opp nokre punkt som han som nabo kan leva med; det gjeld fjerning av overskotsmassar og massar som hindrar natuleg gjennomstrøying av sjø mellom F7 og F6, det skal ikkje tillast køyring til området, han ønskjer flytting av to naust som han grunnjev med eit betre friluftsområde og betre tilkomst til området bakanfor. I gjeldande reguleringsplan står det klart at det ikkje skal etablerast kai. I nytt forslag går fram at alle tiltak i sjø skal godkjennast av Kystverket, dette er lite relevant når kaianlegget allereie vart oppført i 2009.

Det er ei enkel sak å sjå at utbyggjar med god hjelp frå Fusa kommune får det akkurat slik dei ønskjer. At ein lovfesta plan betyr så lite og at ein slepp unna med det meste berre ein har pengar nok, er vanskeleg å akseptera. Han synes at Fusa kommune sitt forslag til ny reguleringsplan er forkasteleg, dersom denne planen vert vedteken er snikprivatiseringa av området fullbyrda.

Kommentar:

I sak 018/12 gjorde utvalet vedtak om å senda planframlegget på høyring og utlegging til offentleg ettersyn, og her går det fram kva som er bakgrunnen for reguleringsendringa. Det er utbyggjarane/grunneigarane i planområdet som er forslagsstillar til reguleringsendringa, dvs eit privat planframlegg, og ikkje Fusa kommune. Det er tidlegare presisert at det er svært uheldig at tiltak vert igangsett utan godkjenning, og at dei i tillegg ikkje samsvarar med nyleg godkjent plan. Alle tiltak i ein godkjent plan skal byggjemeldast etter reglane i plan- og bygningslova.

På bakgrunn av kravet i føresegnene om at naustgolva skal byggjast på min kote 2, måtte ein forventa ei eller anna form for oppfylling i dette friluftsområdet.

Dei opplista ønskjene vert gjennom endra plan delvis etterkome ved at veg og parkeringsplass i området skal ut or planen og arealet skal tilbakeførast til friluftsområde og gangveg, jmf revidert planframlegg datert 16.10.2012.

Fylkesmannen i Hordaland, v/ Kommunal- og samfunnsplanavdelinga skriv m.a. at i gjeldande reguleringsplan var tilkomsten til området via ein sti. Ny plan opnar for veg, parkeringsplass og kai, og at det etablerte tiltaket har medført sprenging og utfylling med store landskapsinngrep som resultat. Føremålet med gjeldande plan var å sikre strandsona som friluftsområde, og med minimale inngrep ved bygging av naust. Å opna for kai, parkeringsplass og veg gjer at intensjonen med planen vert sett vesentleg til side. Dette gjer at området framstår meir privatisert, og friluftskvalitetane sterkt redusert. Fylkesmannen fremjar difor motsegn til planen.

Den 17.09.2012 var det synfaring og møte med fylkesmannen på staden saman med kommunen og planleggjar. I nytt brev skriv fylkesmannen at det har vore stilt spørsmål om kva tiltak som måtte gjennomførast for at gjeldande plan skulle kunne gjennomførast, m.a. at nausta skulle leggjast på kote 2. Dette må medføra ei heving av terrenget for å sikra solid fundamentering. I tillegg er det vist at det skal etablerast felles bår oppdrag framom nausta. Dette gjev rom for ei skjønnsvurdering for tiltaka som måtte gjennomførast. Av denne grunn ser ein at det er rom for ein viss grad av tilrettelegging for naust og båt oppdrag, men slik det gjennomført er det likevel utover det som i dette tilfelle kan reknast som naudsynt. Etter ei konkret vurdering finn dei at dette ikkje råkar ved nasjonale eller regionale verdiar. Desse vurderingane gjeld ikkje for etableringa av parkeringsplass og veg i friluftsområdet. I gjeldande plan er det vist sti og friluftsområde, og kommunen skal i si handsaming sikra ålmenta sin frie ferdsel i strandsona, og sjå til at byggjeområde her vert minst mogeleg privatisert. Veg og parkeringsplass er med å auka graden av privatisering. Vegen må i ny plan

visast som gangveg, og parkeringsplassen skal tilbakeførast som friluftsområde. Motsegna vert difor oppretthalde.

Med dette som bakgrunn har planleggjaren lagt fram eit revidert planframlegg, kalla revisjon 3, datert 16.10.2012. Her er vegen avslutta med snuplass rett forbi tomt nr 1, vidare ned til friluftsområde skal det vera gangsti. Parkeringsplassen er teken ut or planen og arealet er vist som friluftsområde.

Fylkesmannen, i brev datert 29.10.2012 trekkjer motsegna til planen. Dette på bakgrunn av at i revidert planframlegg (Rev 3) er veg og parkeringsplass tilbakeført til sti og friluftsområde.

Under synfaringa overleverte **Lars Einar Meidell, 5161 Laksevåg** eit skriv datert 05.09.2012, kalla "Eit kort resymè", det ligg ved saka.

Vurdering:

I denne saka skal ein ta stilling til sjølve planendringa. Fylkesmannen har trekt motsegna, og planen kan difor eigengodkjennast. Merknad frå Statens vegvesen er også etterkome.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
006/13	Utval for plan og miljø	21.02.2013	HHB

Sakshandsamer: Helle Holte Bruland

Arkivsaknr 12/215

KOMMUNEPLANENS AREALDEL - RULLERING

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

UPM tek forslag til planprogram datert 31.01.2013 til etterretning, og vedtek prosjektorganisering og framdriftsplan.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Utval for plan og miljø

Saksdokument:

Vedlegg: Forslag til planprogram, arbeidsdokument

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.02.2013	Forslag til planprogram, 31.01.2013.pdf	55686

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Arealplanen for Fusa kommune står no framfor rullering. Etter plan- og bygningslova §4-1 skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidas eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. *Forslag til planprogram* er i denne fasen eit arbeidsdokument. Forslag til plantema må vurderast, prosjektorganisering og framdriftsplan må vedtakast. Endeleg planprogrammet skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn etter vedtak i neste møte i UPM, 25.04.2013.

Vurdering:

Det er naudsynt med gode tilbakemeldingar på tema som skal rullerast, og det er viktig at UPM gjer vedtak om prosjektorganisering og framdriftsplan.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
007/13	Utval for plan og miljø	21.02.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 12/1200

GBNR. 30/1, GJERDEVIK NEDRE: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR NAUST. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan, samt 100-metersbeltet langs sjøen, og godkjenner byggeløyve for nytt naust på gbnr. 30/1, Gjerdevik nedre, på fylgjande vilkår:

1. Naustet skal først opp i medhald til gjeldande lover og føresegner.
2. Naustet må haldast i naturvenlege fargar, som ikkje stikk seg ut i naturen.
3. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når naustet står ferdig.
Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest før naustet vert teke i bruk.

Vedtak er gjort med heimel i §§ 1-8, 19-2 og 20-1 i plan- og bygningslova.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Utval for plan og miljø.

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
31.01.2013	KART OG TEIKNING.PDF	55497

Kart og teikning.

Ikkje vedlegg:
Søknad m/ vedlegg.

Faktiske opplysninger:

Fusa kommune har mottatte søknad om byggeløyve for naust. Arealdel til kommuneplan viser LNF-område. Det vert også søkt om dispensasjon frå 100-metersbeltet langs sjøen.

Teikningar av naustet viser at dette vert 40 m² og mønehøgde på 4,5 meter, noko som er innafor føresegnene til arealdel til kommuneplan. Det har stått naust her tidlegare (til 1980-talet), men idag er det berre naustmurane som står att. Eigedomen er eit større gardsbruk, men er ikkje i sjølvstendig drift lenger. Dyrka marka vert halde i hevd av nabo.

Fusa kommune har vurdert søknaden opp mot naturbasen og artsdatabasen, men kan ikkje finna registreringar for dyr eller artar på Gjerdeviksneset som kjem i konflikt med tiltaket.

Søknaden har vore tilsendt høyringsinstansane til uttale. Det har ikkje kome merknad i høyringsperioden på fire veker.

Det er ikkje kome merknad til utsendt nabovarsel.

Vurdering:

Det er usikkert for Fusa kommune om søknad om byggeløyve kan knytast opp mot stadbunden næring, slik dette går fram av føresegnene til arealdel til kommuneplan. Naustet ligg på eit hovudbruk, som ikkje er i eiga drift. Fusa kommune har derfor vald å senda saka til høyringsinstansane for uttale, før vidare handsaming.

Det har stått eit naust her frå før og nytt naust er arealmessig og i utforming i samsvar med føresegnene til arealdel til kommuneplan. Naustet vil heller ikkje medføra ulemper for friluftslivet i området.

Rådmannen vil rå til at søknaden vert godkjent.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
008/13	Utval for plan og miljø	21.02.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 11/227

GBNR. 85/93, ÅKRE: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN. KLAGESAK. NY HANDSAMING ETTER HØYRINGSRUNDE.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune kan ikkje sjå at det i klagen kjem fram nye moment som ikkje er vurdert tidlegare. Uttale/ merknad frå Fylkesmannen tilseier heller ikkje at søknad om frådelinng kan godkjennast.

Fusa kommune gjev ikkje dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og avslår søknad om å dela ifrå gbnr. 85/93, Åkre, omsøkte bustadtomt.

Dette vert grunngjeve med at jordlova er ei særlov, som skal ivareta jordbruksinteressene. Der jordlova ikkje finn å godkjenna omdisponering av jordbruksareal, kan heller ikkje frådelingsløyve gjevast. Dette vert forsterka av at jordvern er eit prioritert tema frå sentralt hald.

Vedtak er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan, jfr. § 20-1 i plan- og bygningslova og § 12 i jordlova.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Fylkesmannen, dersom klage ikkje vert teken til fylgje.

Utval for plan og miljø, dersom klage vert teken til fylgje.

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.02.2013	FYLKESMANNEN.PDF	55584
01.02.2013	HORDALAND FYLKESKOMMUNE.PDF	55585
01.02.2013	KLAGER ANDERS KVÅLE.PDF	55586
01.02.2013	VEDTAK UPM-023-12.PDF	55587
01.02.2013	KART.PDF	55588

Uttale/ merknad frå Fylkesmannen, datert 31.05.2012.
Uttale/ brev frå Hordaland fylkeskommune, datert 07.06.2012 og 15.11.2012.
Klage m/ vedlegg frå Anders Kvåle, datert 14.11.2011 og 18.06.2012.
Vedtak i sak UPM-023/12.
Kart.

Ikkje vedlegg:

Ny handsaming etter høyringsperiode:

Faktiske opplysninger:

I sak UPM-023/12, gjorde Utval for plan og miljø vedtak om å gå inn for å godkjenna søknad om frådelling av bustadtomt. Sidan saka ikkje har vore til høyringsinstansane tidlegare, var vedtaket å sjå på som eit utsetjingsvedtak i påvente av høyringa.

Fylgjande svar er kome inn:

- Hordaland fylkeskommune varsla fyrst at dei ville gjennomføra arkeologiske granskingar på staden, ut ifrå at det tidlegare er gjort funn i nærleiken og at dette området har potensiale for nye funn. Etter purring frå Fusa kommune, var varsel om synfaring/ gransking trekt attende i brev datert 15.11.2012. Hordaland fylkeskommune har etter dette ikkje merknader til søknaden no, men viser til at eventuelle funn av fornminner, m.m. skal meldast for ytterlegare gransking.
- Fylkesmannen har sendt inn sin uttale som ein klage på vedtak om å gje dispensasjon. Dette er sidan avklara med Fylkesmannen, som seier dei har feiltolka sendinga frå Fusa kommune og at det som er sendt er å sjå på som uttale i saka no. Fylkesmannen meiner omsynet bak føremålet området er sett av til i gjeldande arealplan vert vesentleg tilsidesett og at fordelane ved å gje dispensasjon skal vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Jordvern er eit prioritert tema frå sentralt hald og at det ikkje er akseptabelt å leggja opp til meir utbygging på dyrka mark. Det er kommunen som har hovudansvaret for å ta vare på jordressursane. Fylkesmannen viser også til faren for presedensverknader.

Innkomne uttaler/ brev ligg som vedlegg til saka.

Vurdering:

Hordaland fylkeskommune har ikkje særlege merknader no, utanom at funn av fornminner vert sikra. Fylkesmannen gjer derimot klart uttrykk for verknad av ei eventuell frådelling her. Det vert vist til arealdel til kommuneplan, prioritering av jordvern frå sentralt hald, presedensverknad, m.m.

Dette gjer at rådmannen ikkje kan endra si vurdering og innstilling i saka. Det vert rådd i frå å godkjenna søknaden.

I saknr. UPM-023/12, 26.04.2012, står fylgjande saksframlegg:

”Faktiske opplysninger:

I delegert saknr. 111/11 vart det gjeve avslag på søknad om frådelling av bustadtomt frå gbnr. 85/93. Grunngeving var då at jordlova er ei særlov som skal godkjenna omdisponering av jordbruksareal for å gjennomføra ei frådelling. Dette vart ikkje godkjent og det vart då gjort eit avslagsvedtak. Dette er påklaga av søkjar.

Delegert vedtak i sak. 111/11, datert 02.11.2011, følger her:

” Vedtak:

Fusa kommune gjev ikkje dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og avslår søknad om å dela ifrå gbnr. 85/93, Åkre, ei bustadtomt.

Dette vert grunngeve med at jordlova er ei særlov, som skal ivareta jordbruksinteressene. Der jordlova ikkje finn å godkjenna omdisponering av jordbruksareal, kan heller ikkje frådelingsløyve gjevast.

Vedtaket er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan, jfr. § 20-1 i plan- og bygningslova og § 12 i jordlova.

Saksframstilling:

Saksopplysningar:

Søknaden gjeld frådeling av ei bustadtomt på 1650 kvm frå gbnr. 85/93, Åkre. Gbnr. 85/93 og 83/1 er ei driftseining. Det er offentleg avlaup og privat vassverk ligg like ved. Tilkomst vert frå fylkesveg og eksisterande privat veg. Privat veg går i dag fram til to eksisterande bustadtomter.

Arealdel til kommuneplan viser LNF-område, der det er forbod mot bygging og frådeling.

Uttale frå jordbruksfagleg hald i kommunen:

” Gbnr. 83/1 har 66,8 dekar dyrka mark, 63,9 dekar innmarksbeite, 146,1 dekar skog og 19,8 dekar anna markslag. Totalt har eigedomen 296,6 dekar (Kjelde: skog og landskap).

På garden vert det produsert mjølk og kjøtt.

Det er søkt om å dele frå ei 1,7 dekar stor tomt sør på eigedomen. Arealet ligg i LNF – område i kommuneplanen.

Tomta ligg på ei høgde eit godt stykke i frå gardstunet. Tomta grensar mot hus i sør og aust og har veg, vatn og kloakk like ved grensa. Det er son til grunneigar som ønskjer å busette seg der. Men tomtearealet er flatt og ligg på fulldyrka mark. Der tomta ikkje grensar mot hus, grensar den til dyrka mark, og det blir ikkje buffersone mellom bustad og jordbruksareal. Tomta ligg i eit kjerneområde for landbruket.

Frådelte tomter er fritt omsettelige på det opne markedet.

Jordlova § 12 seier:

"Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet. Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.

Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt taler for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gi. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal òg takast omsyn til godkjende planer som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningslova og omsynet til kulturlandskapet"

Ei frådeling vil vera med å stykke opp bruket og kan svekke avkastningsevna.

Ei frådeling kan òg vera til ulempe for landbruksdrift i området.

Delinga kan ikkje godkjennast etter jordlova § 12. ”

Det er ikkje kome merknader til utsendt nabovarsel.

Grunngjeving:

Jordlova er ei særlov, der landbruksstyresmaktene alltid skal ha m.a. frådelingssaker til uttale før avgjerd i sak kan gjerast. Det må føreliggja godkjent omdisponering av jordbruksareal for å godkjenna ei frådeling. Så er ikkje tilfelle i denne saka og frådelinga kan derfor heller ikkje

godkjennast etter plan- og bygningslova.

Det vert vist til uttale etter jordlova og ut ifrå dette kan ikkje rådmannen godkjenna frådelling.”

Handsaming av klage:

Vedtaket er påklaga og ligg som vedlegg til saka saman med utklipp frå Bondebladet. Klagen viser til at søkjar har sviktande helse og at det snart er trong for at yngre krefter overtek gardsdrifta. Hovudbruket er med i samdrift som nyleg har investert i fellesfjøs, noko som igjen har medført pantsetjing overfor Innovasjon Norge og Sparebanken Vest. Ytterlegare lån er vanskeleg å få og søkjar ynskjer av den grunn frådelt tomt for nytt hus på garden. Søkjar viser til at tomta ligg i utkanten av bruket og er lite eigna for dagen haustingsmaskiner. Det er også fleire bustadhus i nærområdet.

Søkjar meiner det ikkje vert forandring i buffersona mellom bustader og landbruksareal, tomta ligg ikkje i kjerneområde for landbruk, ei frådelling vil ikkje ha innverknad på avkastning som hovudbruket kan gje og at det ikkje er drift- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.

Klagen har vore førelagt lokalt landbrukskontor, som har fylgjande uttale:

” Landbrukskontoret kan ikkje sjå at det i klaga er komen vesentlige nye moment som gjer at saka skal vurderast på nytt i høve jordlova § 12.

Vi viser til tidlegare uttale.”

Vurdering:

Det er etter klage framleis ikkje godkjent omdisponering i høve til jordlova, der landbrukskontoret viser til tidlegare uttale i saka. Det kan då heller ikkje vurderast dispensasjon ut ifrå arealdel til kommuneplan heller.

Utklipp frå Bondebladet virkar å vera tankar regjeringa har fram i tid og er ikkje noko det finnst vedtak på no. Dette får soleis ikkje innverknad på handsaminga no.

Etter ei samla vurdering rår rådmannen frå at søknaden vert godkjent. ”

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
009/13	Utval for plan og miljø	21.02.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 12/1274

GBNR. 124/63, SUNDFJORD: SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR FRITIDSBUSTAD. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev byggeløyve for fritidsbustad på gbnr. 124/63, Sundfjord, på fylgjande vilkår:

1. Fritidsbustaden skal setjast opp i medhald til gjeldande lover og føresegner.
2. Avlaup skal gå til biologisk anlegg. Eventuelt skal minirensanlegg nyttast. Fusa kommune skal ha melding om korleis dette vert utført.
3. Fusa kommune skal ha melding når bygging tek til og når fritidsbustaden står ferdig. Ansvarleg søkjar/ tiltakshavar skal innhenta ferdigattest før fritidsbustaden vert teken i bruk.

Aksel Abotnes, Hegglandsdalsvegen 292, 5211 Os, får lokal godkjenning for grunnarbeid, grunnmr og pipe i samsvar med innsendt søknad.

Vedtak er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan, jfr. §§ 20-1 og 22-3 i plan- og bygningslova.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Utval for plan og miljø.

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.02.2013	KART.PDF	55774
06.02.2013	TEIKNING.PDF	55775
06.02.2013	BREV FRÅ SØKJAR.PDF	55776

Kart, teikning og brev frå søkjar.

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Søknaden gjeld byggeløyve for fritidsbustad på gbnr. 124/63, Sundfjord. Bygget får eit bruksareal på 82 m² og vert i ein etasje pluss hems. Etter snitt-teikning vert det ikkje målverdig areal på hems. Eigedomen vart etablert som tomt for fritidshus i 1983. Det vart for omlag 20 år sidan godkjent byggeløyve på tomta, men dette vart ikkje realisert.

Arealdel til kommuneplan viser LNF-område for spreidd bustadbygging. Det er spreidd utbygging av bustader, gardsbruk og fritidsbygg i Lygropollen/ Sundfjordområdet, deriblandt eit større område regulert for fritidsbygg. Denne blandinga av einingar gjeld også for området for spreidd bustadbygging. Søknaden er vurdert etter Naturmangfaldlova §§ 8 – 12. Det er ikkje påvist artar eller dyreliv i naturbasen, som set krav om ytterlegare gransking.

Søknaden har vore tilsendt høyringsinstansane. Det er ikkje kome merknad til søknaden innan fristen på fire veker.

Det er ikkje kome merknad til utsendt nabovarsel.

Vurdering:

Då Fusa kommune utarbeidde arealdel til kommuneplan, var signala frå offentlege instansar at m.a. i søre delar av Fusa/ Lygropollen burde utbygging heller vurderast i dispensasjons-søknader enn å setja av konkrete føremål. Avsett område for bustader kom som innspel frå private lag og vart godkjent. Rådmannen kan likevel ut ifrå den utbygging og utvikling som har vore i dette området, tilrå at det vert gjeve dispensasjon frå overordna plan.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
010/13	Utval for plan og miljø	21.02.2013	KKO

Sakshandsamer: Kjetil Koldal

Arkivsaknr 09/804

**GBNR. 38/8, STORLI: SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ
KOMMUNEPLANEN FOR Å BYGGJA BUSTADHUS. KLAGE PÅ
DELEGERT VEDTAK I SAK DS 147/12. NY HANDSAMING ETTER
HØYRINGSRUNDE.**

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune meiner det i klagen ikkje kjem fram nye moment som ikkje er vurdert tidlegare. Dette vert ikkje endra ved at det ikkje kom inn merknad frå høyringsinstansane. Vedtak i delegert saknr. DS 147/12 står ved lag og søknaden vert oversendt Fylkesmannen for avgjerd. Vedtak i delegert sak lyder slik:

Fusa kommune gjev ikkje dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og avslår søknad om dispensasjon for bygging av bustadhus på gbnr. 38/8, Storli.

Fusa kommune har her sett på at gjeldande kommuneplan veg tungt i slike saker og at arealdel til kommuneplan skal rullerast den næraste tida. Vidare vert det vist til at godkjent frådelling frå 1970 gjev ikkje noko prinsippøyve til bygging på tomte, heller ikkje at det har stått bustad her fram til dette brann ned i 1964. Fusa er i den "lettaste" kategorien med mindre press på strandsona. Desse retningslinjene seier likevel at endringar i hovudsak bør skje gjennom planlegging som kommuneplan eller reguleringsplan. Det er ikkje nokon automatikk i at dispensasjonar skal godkjennast. Dette er likt for både bustadhus og fritidshus.

Vedtak er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Fylkesmannen, dersom klage ikkje vert teken til fylgje.

Utval for plan og miljø, dersom klage vert teken til fylgje.

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.02.2013	INFOBREV FRÅ STORLI 28-12-12.PDF	55795

06.02.2013	KLAGE FRÅ STORLI 17-10-12.PDF	55796
06.02.2013	SØKNAD FRÅ STORLI 30-04-12.PDF	55797
06.02.2013	RETNINGSLINJER STRANDSONE.PDF	55798
06.02.2013	KART.PDF	55799
06.02.2013	VEDTAK SAK UPM-066-12.PDF	55800

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger/ vurdering:

Søknaden har no vore tilsendt høyringsinstansane (Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune) for uttale. Det er ikkje kome svar frå desse instansane innan fristen på fire veker. Dei har likevel klagerett på det vedtaket som vert gjort.

Det er kome inn eit nytt vedlegg til saka, som er søkjar sitt brev til Fylkesmannen i samband med høyringsrunden. Dette vert ikkje kommentert vidare. Rådmannen meiner dei vedlegga som er lagt fram i saka, både no og tidlegare sak, er tilstrekkelege til å ta standpunkt i saka. Denne saka no gjeld dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og etter plan- og bygningslova. Konesjonssak vert handsama etter konsesjonslova. Ny søknad om dispensasjon krev ny handsaming. Tidlegare vedtak/ sak vart avslutta med avgjerda som setjefylkesmannen gjorde.

Vurdering:

Handsaming/ saksframlegg i saknr. UPM-066/12(datert 29.11.2012):

Faktiske opplysninger/ vurdering:

Avslaget i delegert vedtak er påklaga i brev datert 17.10.2012 og innan fristen på tre veker. Det vert vist til vedlegg. Rådmannen meiner at klagen ikkje kjem med nye synspunkt som ikkje er vurdert tidlegare. Søkjar ynskjer heller å presisera synspunkta sine i klagen. Det er forståing for at søkjar ynskjer å busetja seg i Fusa kommune, men rådmannen meiner likevel at overordna plan skal fylgjast. Dette går også fram av dei nye retningslinjene som er vist til i denne søknaden. Rullering av arealdel til kommuneplan vil ta til innan kort tid og det er då endringar i overordna plan må vurderast. Den interkommunale strandsonen er under arbeid og det er ikkje gjort vedtak her enno. Denne planen kan derfor ikkje vera med i vurderinga i denne saka. Arealdel til kommuneplan viser LNF-område. Slik bygningar er plassert her, er det ikkje å sjå på som at området i kommuneplan heller skulle framstått som LNF-område for spreidd utbygging. 100-metersbeltet gjeld også i heile strandsona, der det ikkje framgår andre føremål i arealdel til kommuneplan.

Rådmannen meiner saka er vurdert frå alle sider, både etter plan- og bygningslova, arealdel til kommuneplan og dei nye retningslinjene for strandsona. Det er likevel ikkje funne rom for å gå inn for dispensasjon i denne saka. Saka bør oversendast Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

I delegert vedtak i saknr. DS 147/12 står fylgjande:

”Vedtak:

Fusa kommune gjev ikkje dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og avslår søknad om dispensasjon for bygging av bustadhus på gbnr. 38/8, Storli.

Fusa kommune har her sett på at gjeldande kommuneplan veg tungt i slike saker og at arealdel til kommuneplan skal rullerast den næraste tida. Vidare vert det vist til at godkjent frådeling frå 1970 gjev ikkje noko prinsippløyve til bygging på tomta, heller ikkje at det har stått bustad her fram til dette brann ned i 1964. Fusa er i den ”lettaste” kategorien med mindre press på strandsona. Desse retningslinjene seier likevel at endringar i hovudsak bør skje gjennom planlegging som kommuneplan eller reguleringsplan. Det er ikkje nokon automatikk i at dispensasjonar skal godkjennast. Dette er likt for både bustadhus og fritidshus.

Vedtak er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan.

Saksframstilling:

Saksopplysningar:

Søknaden gjeld dispensasjon frå arealdel til kommuneplan for bygging av bustadhus på gbnr. 38/8, Storli. Arealdele til kommuneplan viser LNF-område, med forbod mot bygging og frådeling. Eigedomen ligg også innafor 100-metersbeltet langs sjøen, med generelt byggeforbod.

Det vart også i 2007 søkt om dispensasjon frå arealdel til kommuneplan, for liknande tiltak. Rådmannen av slo, politisk utval ville gje dispensasjon etter synfaring og innhenting av uttaler frå høyringsinstansar, medan setjefylkesmannen tok klage frå Fylkesmann til fylgje og av slo søknad i brev datert 09.10.2009.

Søklar legg fylgjande moment til grunn for dispensasjonssøknaden:

1. Tidlegare bustadhus brann ned i 1964 og at eigedomen har vore bebygd sidan 1762. Det er fyrste gong det vert søkt om dispensasjon for bygging av bustadhus og at det derfor vert søkt om dispensasjon for gjenoppbygging av nedbrent bustadhus.
2. Hovudeigedomen vart i 1970 delt i to like partar. Søklar har forstått at ei frådeling av tomt inneber ei prinsippgodkjenning for bygging på tomta.
3. Nye statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona (2011) skal gjera det lettare med dispensasjon, då Fusa ligg i område med mindre press på strandsona.
4. Planprogram for interkommunal strandsona-plan for Sunnhordland og Fusa.

Vidare vert det vist til at eigedomen ikkje eignar seg til landbruksføremål eller friluftsliv/bading.

Grunngjeving:

Det er under tre år sidan den forrige søknaden vart handsama, når det no vert søkt på nytt. Plansituasjonen har ikkje endra seg på denne tida.

1. Det er store endringar i plan- og bygningslova sidan 1964/-65 og strengare krav til disponering av strandsona. Det er nærmare 50 år sidan sist det stod ein bygning her. Det er derfor ikkje kurrant eller noko moment å få dispensasjon frå lov og plansituasjon etter desse åra.
2. Ei godkjent frådeling i 1970 gjev ikkje automatisk godkjenning for ein byggesøknad. Den gjeldande praksis her er at dersom ein dispensasjon for frådeling er godkjent og

det kjem byggesøknad før tre år er gått, så trengs det ikkje nødvendigvis bli ein ny dispensasjonssøknad.

3. Fusa kommune er plassert i område med mindre press på strandsona i dei nye statlege retningslinene for forvaltning av strandsona, men dette inneber ikkje automatisk at dispensasjonssøknad skal godkjennast. Det går også klart fram av heile retningslinene at endringar i hovudsak skal skje gjennom planlegging. Helst ikkje enkeltsaker om dispensasjon. Fusa kommune skal til med rullering av arealdel til kommuneplan og det er naturleg at endringar vert vurdert i slik plansamanheng.
4. Interkommunal strandsonerplan for Sunnhordland og Fusa er heilt i startgropa. Planprogram er no godkjent i alle dei deltakande kommunane. Det står framleis mykje arbeid att i prosjektgruppe og synfaringar av strandsona før denne planen vert vedteken. Denne planen kan derfor ikkje leggjast til grunn for søknad.

Etter ei samla vurdering kan ikkje rådmannen sjå at det føreligg moment som klart seier at dispensasjon skal godkjennast. Det er ikkje endringar i plansituasjon i området. Søknaden vert med dette avslegen. ”

Sakshandsamar: Heidi Bergesen

Arkivsaknr:

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
011/13	Utval for plan og miljø	21.02.2013	HCB

SKRIV OG MELDINGER

:

Saksframstilling:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	13/139	I	21.12.2012	Det Kongelige Miljøverndepartemen t	MOTSEGN TIL REGULERINGSENDRING - STRANDVIK INDUSTRIOMRÅDE - NAUSTOMRÅDE

